

Samarbeidsavtale mellom kommunal rusomsorg/NAV og den offentlege tannhelsetenesta

Kommune:

Kommunal rusomsorg/NAV sitt ansvar:

- Delta på årlege samarbeidsmøte mellom kommunal rusomsorg og tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Informere brukarar som har rett på gratis tannhelsetenester om tilbodet, og gjennom tilbodskjemaet innhente informert samtykke til undersøking og behandling.
- Tilbodskjemaet skal leverast til brukaren sin nærmast offentleg tannklinikk.
- Namn på kontaktperson skal stå på tilbodskjemaet (dette er viktig dersom pasienten ikkje møter). Kontaktpersonen må så langt som råd, hjelpe brukaren å følge opp timeavtaler.
- Gje tannhelsetenesta tilbakemelding når brukarar har flytta eller ikkje lenger har rett på tilbodet.
- På førespurnad informere tannhelsetenesta om talet på registrerte brukarar med rett på vederlagsfri tannhelseteneste.

Tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Kalle inn til samarbeidsmøte mellom kommunal rusomsorg/NAV og tannhelsetenesta 1 gong pr. år. Tannhelsetenesta har ansvar for å avtale møtedato og å skrive møtereferat.
- Sikre at personen med eit rusmiddelproblem får nødvendig tannbehandling, råd og veiledning i munnstell ut frå sin helsetilstand.
- Dersom det er behov for hjelp til nødvendige munnpleietiltak, gje tilbakemelding til oppfølgingstenesta i kommunen (informert samtykke).
- Sørgje for at registrering av brukarar som har rett på dei vederlagsfrie tannhelsetenestene er ajourført. Dette bør gjerast to gonger pr. år.

Dato:

Dato:

.....
Leiar for kommunal rusomsorg

.....
For tannhelsetenesta/klinikkleiar/overtannlege